

Kva valde formødrene våre?

AUDGUNN OLTEDAL

Tenk deg at ingen kvinner var med i kommunestyret der du bur. Sjå for deg ei regjering der alle var menn. Tenk deg at det ikkje var ei einaste kvinne på Stortinget. Slik var det ved inngangen til 1900 talet. Då kunne ingen kvinner stemme ved val i Noreg. Men på 12 år vart det politiske feltet i vårt demokrati stegvis opna for kvinner, og 11. juni 1913 gjorde Stortinget samrøystes vedtak om at *Stemmeberettigede ere de norske Borgere, Mænd og Kvinder, der have fyldt 25 Aar, og som have været bosatte i Landet i 5 Aar og opholde sig der.*

Korleis var det å vere kvinne i Noreg i åra kring 1913? Korleis har kvinner brukt røysteretten desse 100 åra? Dette er spørsmål som blir belyst i boka *Formødrenes stemmer, kvinneliv rundt stemmeretten*. Denne artikkelen byggjer på materialet i boka, med hovudvekt på artikkelen om mi oldemor. Vi som har skrive boka er eit kvinnenettverk i Oslo. I over ti år har vi møttest eit par gonger i halvåret til innleiingar og diskusjonar om tema som opptek oss. Vi kom på at vi ville lage ei bok i samband med stemmerettsjubileet i 2013, og fekk den ideen at vi skulle grave i eigne røter og finne ei formor som fekk oppleve

denne store endringa. Det einaste kravet vi stilte var at formora vi valde skulle vere vaksen i 1913. Då var den yngste av dei ti 20 år, og den eldste var 65 år.

KVAR KOM DEI FRÅ?

Dei kvinnene vi skriv om, kom frå distrikta. Dei kom frå vanlege kår og tilhørde ikkje overklassen. Professor Gro Hagemann, spesialist på kvinnehistorie, konstaterer nøkternt at *de kom fra bygdene og tilhørte almuen*. Ingen av dei ti busette seg i hovudstadsområdet. Fleire av oss som skriv om dei, kjem og frå distrikta, men til skilnad frå våre ti formødre, bur alle vi i dag i Oslo-området. Fem av dei vi skriv om, var frå Vestlandet. Ei kom frå Rindal på Nordmøre, ei frå Relling i Norddal på Sunnmøre, ei frå Naustdal i Sogn og Fjordane, ei frå Voss og ei frå Ryfylke. Ei kom frå Sørlandet. Tre kom frå Austlandet, frå Grue, Romedal og Elverum. Ei vart født på øya Leka på Helgelandskysten. Minoritetar har vore og er ein viktig del av det norske samfunnet, ingen av dei vi skriv om tilhører den samiske folkegruppa eller kom frå det som i dag blir omtalt som dei nasjonale minoritetar (tatarar, rom, jødar, skogfinnar, kvener) i landet vårt. Alle våre ti formødre

levde sine liv i ein periode der det kom nye mogelegheiter for kvinner. I 1893, tjuve år før kvinner fekk allmenn røysterrett, var nye og viktige område i samfunnet blitt opna for kvinner. Dei hadde tilgang til middelskulen, dei kunne ta examen artium og fekk kome inn på dei statlege lærarskulane. Dei kunne arbeide som sjukepleiarar, jordmødre, telegrafistinner og lærarinner. På Universitetet var dei fyrste kvinnelege studentane i gang med embetsstudier.



Gurine Relling er mormor til Guri Hjeltnes. Her med elste dotter. Gurinr utdanna seg til husstelllærer, eit av dei nye yrke mange kvinner valde i åra kring 1913.

Dei ti vi skriv om er ein del av det som vart det moderne Noreg. Gro Hagemann kallar dei *Det moderne gjennombruddets døtre*. Nasjonsbygging, den frilyndte rørsla, kampen mot tuberkulosen, lekmannsrørsla, arbeidarrørsla, kampen mot alkoholen; mange av dei ti deltok i ulike organisasjonar og folkerørslar som prega samfunnet ved hundreårsskiftet.

Ingen av våre ti formødre var kjente kvinner, dei gjorde seg ikkje gjeldande i den offentlege debatten på den tid,

men dei deltok på ulike måtar i det lokalsamfunnet dei var ein del av. Mange av dei gjekk inn i dei nye yrka som kom desse åra. Nokre var glødande opptekne av husstell og husflid, og skaffa seg utdanning på dette feltet. Ei som gjorde det, var Gurine Relling. 'Drømmen om Sorø' har Guri Hjeltnes kalla portrettet om si bestemor. Gurine Relling vart født på garden Relling i Norddal på Sunnmøre. Ho fekk m.a. utdanning ved Berger husholdningsskule i Asker, vart så husmor på Voss Folkehøgskole, seinare bestyrerinne ved den praktiske jenteskulen ved Bodø Landbruksskule. Draumen var ein gong å få kome til det ypperste som var av husstellutdanning i Norden, dit dei moderne hushaldningspionerane drog, til Sorø i Danmark. Og Gurine kom dit. Ho slutta i yrket då ho, 35 år gamal, gifta seg med Sivert Haaland, rektor ved Mo jordbruksskule. Dei fekk 5 barn, og Gurine døydde berre 56 år gamal av ein nyresjukdom det i dag finst behandling for.

Dette var lenge før velferdsstatens trygder og helsesystem. Våre formødre deltok i ein befolkningspolitikk som bekjempa spebarndødeligheit, førebygde sjukdom og sikra sunnheit. Mange av dei var det vi i dag ville kalle ressurspersonar. Somme av dei tok drastiske val og fekk liv prega av dramatik og motgang. Sams for mange av dei vi skriv om, er at dei braut opp, reiste ut, skaffa seg utdanning.

TIL SMELTEDIGELEN STAVANGER

I 1913, då kvinner fekk allmenn røysterrett i vårt land, var mi oldemor, Sofia Ims, 44 år. Sofia Ims fekk eit liv fullt av dramatik. I 1918 hadde ho og mann nr. 2 stelt seg slik at garden på Ims var innmeldt til tvangsauksjon. Trass turbu-

lens på heimebane makta ho likefullt å engasjere seg i samfunnet rundt seg. Ho var med i kampen mot tuberkulosen. Ho støtta den frilyndte ungdomsrørsla. For dei ni barnebarna som voks opp på garden var ho ei nær bestemor. Men stri og kvass i kjeften var ho, og ikkje like godt likt av alle i det lokalsamfunnet der ho budde. Sofia vart født i 1869 og vaks opp på ein gard i bygda Ur i Ryfylke med ei streng og driftig mor. Faren var meir lettlyndt. Han kom frå husmannskår i Suldal. Begge hadde gode evner. Det stod om Johannes i kyrkjeboka at «han hadde lært at skrive noget», seinare var han ein av tre som greidde ei lærarprøve og fekk starte som omgangsskulelærer for 12 dalar året. Han var netthendt, laga vakre tiner og skrin som døtrene hadde med i heimefylgje. Om mora vart det sagt at ho hadde ein sterk vilje, pågangsmot og næringsvett. Ho byrja plante frukt og bærbuskar, laga ost og smør som vart sendt til Stavanger. Ho var den fyrste i bygda som kjøpte seg symaskin, eit merke kalla Gruner, og sydde for folk.

Sofia var ei av sju sysken, fire jenter og tre gutar, ho var nest yngst. Ein bror og ei syster døydde unge. Brørne Knut og Ola fekk reise på 1 års lærarskule på Kopervik på Karmøy. Knut overtok heimegarden, Ola vart lensmann i Årdal. Ei syster, Olianna, drog til USA, systera Anna gifta seg med ein gardbrukar på Sørskår. Sofia fekk ikkje annan skulegang enn folkeskulen. Ho var interessert i handarbeid og fekk utvikle desse evnene. Nokre år i konfirmasjonsalderen var ho i teneste hos lensmannsbroren Ola, så drog ho til byen for å gå i skreddarlære.

Sofia budde i Stavanger i formande ungdomsår. Vi veit ikkje akkurat kor gamal ho var då ho kom til byen, men

om ho var mellom 16 og 18 år, så budde ho kanskje sju-åtte år i Stavanger før ho gifta seg med Johan Ims og flytta til Ims. Stavanger var knutepunkt og smeltedigel. Byen var prega av stor tilflytting frå fjordane og bygdene ikring. Dit drog folk for å kjøpe og selje, for å ta seg teneste, for å lære eit handverk. Ingen kjelder gjev sikker kunnskap om kvar Sofia møtte Johan. Ofte hadde skreddarverkstader overnattingslosji, kanskje brukte Johan å ta inn der Sofia gjekk i lære når han hadde ærend i Stavanger. Kanskje møttest Sofia og Johan i dei miljøa i Stavanger som seinare vart til Bondeungdomslaget (1900) og Noregs Ungdomslag (1896). Frå 1870-åra hadde Stavanger vore sterkt prega av presten og vekkingspredikanten Lars Oftedal. Hans imperium, «Bethania-stiftelserne», med bedehus og eit nettverk av omsorgsinstitusjonar, ruva. Sofia budde i byen i 1891 då fallet kom, då Lars Oftedal gjekk fram i koret i Petrikyrkja og vedkjente at «Jeg har gjort mig skyldig i usædeligt Forhold og gjort Forargelse i Menigheden». Avisannonser i Stavanger Amtstidende, Stavanger Avis, Stavangeren og Vestlandsposten viser at byen i åra kring 1890 var sterkt prega av vekkingsrørsla og fråhaldssak. Ingenting tyder på at Sofia oppsøkte eller identifiserte seg med desse miljøa. Sofia fekk desse åra vener frå ulike miljø. Kontakten med Berta Tveiterås, bestyrar på Kaffistova, varde livet ut. Dette var år prega av parlamentarismens gjennombrøt og av arbeid med å utvikle ein eigen norsk kultur. Sofia skreiv bokmål heile livet, og ser ikkje ut til å ha vore særleg oppteken av målrørsla. Men andre sider ved nasjonsbygginga engasjerte. Nasjonaldrakter byrja å prege 17. maifeiringa, og konfirmerte kvinner fekk «*adgang til at delta i Processionen om Eftermiddagen. De, der ønsker at gaa i Nationaldragt, må melde sig hos Hr. Blikkenslager Andersen*»

(Vestlandsposten 14. mai 1890). Enno var det ingen rogalandsbunad, hardangerbunaden var dominerande nasjonaldrakt på Vestlandet. Sofia sytte for at dei to døtrene fekk bunad. Bilete viser to unge jenter med perleprydde bringer og kvite, stiva skjorter og forkle i hardangersaum.

RØDE MARIE

Dei fleste av oss som skriv om formødrene våre, trong ikkje lang tid for å finne ut kven vi ville skrive om. Kanskje er det slik nesten i alle slekter at når ein tenkjer bakover på dei bestemødre og oldemødre ein har, så vil det ganske fort merke seg ut *eit* namn. Det vil stå fram ei formor som vi er særleg nysgjerrig på. Ei som er sterkt og positivt tilstades i familiens forteljingar, eller ei som det tvertom ikkje blir snakka særleg pent om. De finn begge slag i boka *Formødrenes stemmer*. Bunader og 17. maifeiring er ikkje dei stikkord som høver best for Ingun Bruskeland Amundsen si formor, Marie Bjørke frå Romedal i Hedmark. Ingen av dei vi skriv om slo seg til i Oslo, men somme av dei var innom hovudstaden nokre år i sin ungdom for å vere tenestejenter eller ta yrkesutdanning. Det gjorde ho som i boka blir kalla Røde Marie fordi ho livet gjennom var glødande engasjert i arbeidarrørsla og kledde seg i raudt. Ho tente i huset 'Fjellknabben' på Ljan i Oslo. I Hedemarkslaget møtte ho Karl, dei gifta seg og busette seg på Ådalsbruk i Hedmark. Han arbeidde på Klevfos, vart vurd fagforeningsleiar og stortingsmann. Dei var begge aktive i den organiserte arbeidarrørsla, og begge hadde dei viktige verv der. Då dei hadde fått sju barn, flytta ho i 1923 frå Karl og heile barneflokket. Kvifor? Det mysteriet prøver barnebarnet Ingun Bruskeland Amundsen å få svar på i sitt kapittel. Ho skriv om korleis dei begge var begeistra for det som skjedde i revolusjonen

i Russland. Før Alexandra Kollontai kom til Oslo som ambassadør, hadde ho vore sosialminister for den unge sovjetstaten. Alexandra Kollontai målbar tankar som vekte gjenklang, ho var oppteken av fri kjærleik, abort og tankar om kollektive løysingar på barnestell. I portrettet av si formor gjekk Ingun Bruskeland Amundsen inn i det som har vore ei taus historie i familien. *Jeg fikk ikke vite mye om Marie i oppveksten. Bare at farmor og farfar var skilt. Det lot seg ikke skjule at farmor hadde gått fra mann og barn, men hvorfor grave i fortiden? For at skyggene skal slippe taket, vil jeg svare nå.* Og ho avsluttar si reise tilbake til farmoras liv i åra kring 1913 slik: *At Marie handlet slik hun gjorde, forteller uansett om en ny tid hvor kvinner hadde fått stemmerett og rett til egne liv. Det var mulig å bryte opp og følge sine drømmer.*

EI AVBROTEN KLASSEREISE

Gro Holm, utanriksmedarbeidar i NRK, skriv om si oldemor, Anna. Ho kallar artikkelen 'En avbrutt klassereise'. Anna Herstad Sæta kom frå Naustdal i Sogn og Fjordane, født i 1871 på ein husmannsplass. Tre av åtte sysken overlevde barndom og ungdomsår og vart vaksne. Men i 1889 reiste husmannsdottera Anna til Oppdal for å ta 'lærerindeeksamen'. Kvar fekk ho sjølvtiliten frå, spør Gro Holm og fester seg ved haugianismens sentrale rolle i dette området. Seks gonger var Hans Nielsen Hauge på talarferd til Sunnfjord i perioden 1801 til 1809. Hauge oppfordra kvinner som hadde talegaver til å forkynne Guds ord, det var eit brot med rådande teologi. I grannebygda Vevring var det to systre som var aktive forkynnarar. Gro Holm skriv at Anna må ha høyrte om desse systrene, og at deira føredøme kan ha gitt Anna inspirasjon til å realisere sine draumar. Ho fekk seg lærerindeutdanning, og fekk post i småskulen i Grue i Solør. Så gifta ho seg og

flytta inn på Sæta, eit lite småbruk. Anna fortsette som lærar etter at barna byrja kome, men stri arbeidsveg og eit stivbeint skulestyre gjorde kvardagen for vanskeleg. Ho søkte fast post på Kirkenær som låg nærare. *Men den fikk hun ikke «fordi hun var gift». Det var altså en hemske å være gift i konkurransen om lærerposter blant kvinner.* Anna Herstad opplevde dei store kulturforskjellane det kunne vere mellom landsdelar i Noreg, mellom Vestland og Austland, og ho vart verande ein framand i Solør, ikkje minst på grunn av språket. Ho talte dialekten ho var oppvaksen med i Sunnfjord. Det var eit val ho tok, ho ville ikkje assimilerast. Gro Holm skriv at Annas liv nok ikkje vart slik ho vona, og konkluderer slik: *Det er skrevet og fortalt mange heltehistorier om vellykkede klassereiser, færre om dem som ikke lyktes. Anna er nok en av dem.*

KALL ELLER SETLARDRAUM?

Den som reiste aller lengst av dei ti formødrene, var Gudveig Bjørgum frå Voss. ‘Oldemor og imperialismen’ kalla Arnhild Skre artikkelen om si oldemor. I 1875, 27 år gamal, einsleg og utan særleg utdanning, drog Gudveig Bjørgum frå Voss til Natal, til zuluriket for å bli misjonær. Der underviste ho zulujenter, hjelpte til i misjonsarbeidet og fann seg ein vossing. Dei kjøpte seg farm og tenkte busetje seg der, men uår og zulukrig gjorde at dei kom heim. Arnhild Skre skriv at oldemora etter 13 år i Afrika vart det ho mest truleg ville ha blitt om ho ikkje hadde drege ut som misjonær; bondekone på Voss. Og legg til: *Men likevel var ho ikkje den same som ho ville blitt utan Afrika-reisa. Oldeforeldra mine snakka zulu saman. Det eksotiske og spennande er framleis fest til minnet om henne. Ho og Nils opplevde mange nederlag i Afrika, men i andres auge skapte bondejenta Gudveig Bjørgum seg om til noko heilt sær-*

skilt og meir ved å reisa ut og venda tilbake. Kvifor ville Gudveig Bjørgum bli misjonær? Kva dreiv ho, funderer oldebarnet: Kallet eller utferdstrang eller setlardraum? Litt av alt kanskje, svarar Arnhild Skre.

INGEN KONTROLLFREAK

Mi oldemor reiste ikkje langt. Frå Ur, i det som no er Strand kommune, til Stavanger og så til Ims, i dag ein del av Sandnes kommune. Historia om korleis ho valde ektefelle, har levd i slekta. Den viser at ho tok sjansar, ho var ikkje det vi i dag ville kalle ein kontrollfreak.

Det var tidleg i 1890-åra, Sofia Ur var heime på besøk hos slekta si på Ur. No skulle ho attende til skreddarverkstaden i Stavanger. Ho var i tvende sinn, for ho hadde to friarar.

Men kven skulle ho velje?

– Eg tek den fyrste som kjem, skal ho ha sagt. Og den fyrste som kom i skreddarverkstaden i Stavanger, det var Johan Ims. Og Sofia vart gardkone på Ims.

Då Sofia kom til Ims i 1893, 24 år gamal, var bygda i ferd med å overvinne verknadene av jordskiftet og på veg inn i ein periode prega av kiselgurdrift. I 1874 vart det halde utskifting på Ims. Det vart slutt på teigblandinga, eigarane fekk fire år på seg til å flytte på hus og byggje nye tun, og dette var harde vilkår for mange. Samtidig svikta inntekter frå fiske i 1870-åra fordi vintersildperioden som hadde vart frå 1808, tok slutt. Mange greidde ikkje utgiftene og laut selje gardane sine, og nye eigarar kom inn. Slik kom svigerforeldra til Sofia, Guttorm og Serina frå grannebygda Bergsagel, til Ims. Men tidene var harde også for nye eigarar, og i 1875 selde Guttorm og dei seks andre

grunneigarane rettane til Imselva til Svend og Jonas Øglænd på Sandnes for 5400 kroner. Dei selde vatnet og fisken i elva og garden sitt laksefiske i sjøen utanfor elveosen. Eit atterhald tok dei, ” *vi forbeholder os ret til Slibevand til eget behov med to Slibestene, samt Vandkraft til Træsking til eget behov med Vandhjul....dog blot i Løbet af en Maaned mellem Høstmarken og Jul*’. I 1887 vart det gjort ein avtale med dei seks grunneigarane på Ims om å ta ut kiselgur kvar som helst kiselgur måtte finnast på dei seks gardane, alt for eit samla vederlag på 50 kroner. Kiselgur er eit lyst, mjølliknande porøst jordlag, pulveraktiv materiale som er laga av skala på døde alger på botnen av havet og innsjøar. Den tek opp vesker, har lyd- og varmeisolerande eigenskapar, og vart brukt til å lage dynamitt og til isolasjonsmateriale. På Ims vart guren frakta blaut i korgar på taubane som gjekk over sju, 25 meter høge master ned til Ims sentrum, der det vart bygt fabrikkbygningar, mølle, tre tørkehus, lager og brygge med sjøhus for utskipping av guren, og med eksport av kiselkur frå Ims m.a. til England og Spania. Då Sofia kom til Ims, var kiselgurdrifta i full gang. Størst aktivitet var det frå 1890-åra til utbrotet av fyrste verdskrig. Kiselgurverksemda heldt mykje folk i arbeid, på det meste mellom 30 og 40 menneske; både menn, kvinner og born ’gjekk i guren’. Dei gjekk til fots til Ims frå bygdene i kring. Den fyrste tida kunne dagbetalinga liggje på kr. 1.50 for 10 timars arbeid, og mindre betaling for kvinner og born. Seinare auka betalinga opp til 3 kroner dagen.

Guttorm Bergsagel og Serina kjøpte garden på Ims for 10 000 kroner, den hadde 5-10 kyr og sauer. Guttorm var ein kjent mann i bygda og var i fleire periodar frå 1874 til 1899 ordførar i Høle kommune. På garden vart det bygt ny løy, og heimehuset var stort. Turistar som ville fiske

laks i elva, kunne ta inn her. Dei tre eldste sønene til Guttorm og Serina hadde reist til Amerika, men Johan, nest eldste son, var komen att frå Amerika for å ta over garden. Han ville drive eit moderne jordbruk, og var i 1890 ein av to bønder i Hølesokna som kjøpte seg slåmaskin.

ENKE ETTER SEKS ÅR

Ekteskapet mellom Sofia og Johan varde i 6 år. Ein dag i mai 1899 vart Johan sjuk. Han hadde store smerter. To mann rodde i tre timar den lange vegen frå Ims til sjukehuset i Stavanger. Der døydde han av nysesjukdom kort tid etter. Sofia var 30 år gamal då ho vart enke, dottera Selma var fem år, yngstebarnet Sofie tre år. I folketeljinga frå 1900 er ho omtalt som «gaardbrugerske», svigerforeldra som «føderådsmand» og «føderåds-kone». Johan og Sofia hadde ått garden i lag, og ho ville drive den vidare. Det vart ei vanskeleg tid. Den endte med at svigerfamilien flytta frå garden, og ho gifta seg på nytt i 1902. Slik det blir fortald, så gifta ho seg med den andre denne gongen, med han som ikkje kom fyrst. Mann nummer to, Torjus Tengesdal, var i det militære. Samlivet med Torjus vart vanskeleg. I 1906, fire år etter underskrivinga av ektepakta rykka Torjus (3. 9. 1906) inn annonse i Stavanger Aftenblad for å stoppe damerykter om han: Brevet er datert Ims 29. 8.1906 og underteikna T.Tengesdal. I 1912 fekk tenestejenta på garden ei dotter, Gudrun. Rykta ville ha det til at Torjus var faren, men Sofia visste at det ikkje var slik. Gudrun vaks opp hos Sofia og Torjus og kalla dei mor og far, og ho skriv i ei slektsbok at Torjus var utadventd og hadde mange kameratar frå militæret, og at han nok òg hadde eit litt for godt auga til damene. Torjus sette i gang mange prosjekt på garden, men lukkast dårleg, og i 1918

vart garden innlevert til tvangsauksjon. Den vart berga fordi eldste dotter gifta seg med granneguten Luther Ims, som hadde tent gode pengar på fiske og kunne overta garden.

KAMPEN MOT TUBERKULOSEN

Sofia hadde det tøfft på heimebanen, men det hindra henne ikkje i å engasjere seg i det lokalsamfunnet ho var ein del av. Ho var sosialt interessert og aktivt med i kampen mot tuberkulosen. Går vi hundre år attende i tid, møter vi eit samfunn der 'den kvite pesten' slo inn med voldsom kraft i lokalsamfunna landet over. Fleire av dei ti kvinnene i boka *Formødrenes stemmer* engasjerte seg med stor kraft i denne kampen.

Erika Jahr, journalist med lang fartstid i NRK, skriv om si mormor Hjørdis. Etter at ho var ferdig på jordmorskulen i dåverande Kristiania i 1915, arbeidde ho fyrst som jordmor i Brønnøy. Ho slutta i yrket då ho gifta seg med Ole Bjørken i Torghatten Dampskibsselskap i Brønnøysund, men ved sida av ansvar for barn og stort hus, engasjerte ho seg i sanitetsforeninga sitt arbeid og var i mange år leiar for Brønnøysund sanitetsforening. I Brønnøysund samla sanitetskvinnene inn pengar til å bygge sjukestove med 12 senger i fyrste etasje, i andre etasje vart tuberkulosepasientane lagt. Dei skulle isolerast frå dei andre pasientane, og det var eigen inngang for pasientar som bar på smitte. Erika Jahr si skildring av arbeidet i foreninga og drifta av sjukestova gjev eit blikk inn i ei tid der naud og fattigdom gjorde at mange barn ikkje fekk den ernæring dei trong : *Fra 1917 bekostet foreningen melk til underernærte skolebarn og delte ut julegaver, i*

første omgang mat og klær til fem familier. Etter hvert sydde man tøy, strikket strømper, kjøpte sko. Menighetsøster og distriktslege ga anvisninger slik at foreningen kunne spore opp familier som trengte tilskudd, regelmessige utdelinger av havregryn, melk og til dels også andre matvarer. Det ble kjøpt inn store kvanta medisintran som ble delt ut på sykestuen. Dit fikk også barn fra familier med dårlig råd komme og spise middag og få et glass melk. I en stille periode bodde seks underernærte barn på sykestuen gratis i 14 dager.

På Ims og i bygdene rundt var det inga sjukestove å dra til for dei som fekk tuberkulose. Dei sjuke drog til Landeskogen i Setesdal. Skulle dei få behandling, måtte det samlast inn pengar til å dra på kuropphald. Sofia samla kvinnene i bygdene i ytre del av Høle kommune, Fløysvik, Horve, Bersagel og Ims i ei forening som arbeidde for å få inn pengar som m.a. vart brukt til å kjøpe inn ullteppe og anna utstyr som dei sjuke trong å ha med seg. Gudrun, som kalla Sofia mor, fortel at Sofia starta sanitetsforening, og brukar store ord og skriv at «Saman med ein ny distriktslækjar, Fred. Jonsen, som hadde arbeid i Finnmark, rydda ho faktisk opp i heile bygda». Andre kjelder sa omtrent det same. I vaksen alder møtte Kristi, mi mor, att ei 20 år eldre kvinne som var frå Bersagel og som godt hugsar Sofia sin innsats, og som sa: «Du veit vel at det var bestemor di og ein distriktslege som kom nordfrå som fekk gjort noko med tuberkulosen.»

Det var spanande å sitje på Nasjonalbiblioteket i Oslo og bla seg fram til oversikten over kven som var distriktslege i Høgsvjord på den tida. Statskalenderen fortel at frå 1923 til 1927 var det ei kvinne som heitte Trude Johnsen som var distriktslege i Høgsvjord. Ho må ha vore ei av dei fyrste kvinnene i landet som utdanna seg til lege. Trude

Johnsen kom frå åtte år som distriktslege i Talvik i Finnmark og Sørreisa i Troms. I boka 'Kvinnelige studenter 1882–1932' skriv ho om kampen mot tuberkulosen i Nord-Noreg, der ho var med og stifta fleire sanitetsforeningar. Trude Johnsen må vere den distriktslegen som kom nordfrå, og som Sofia samarbeidde med. Den neste distriktslegen, Adolf Qvist Paulsen, kom og nordfrå, og samarbeidet med distriktslegen kan ha halde fram med han. Skriftlege kjelder gjev ikkje svar på kor mange som var med i foreininga og kor lenge dei heldt på. Kanhende var ikkje foreininga innrullert i ein landsorganisasjon, men var ei foreining som berre eksisterte nokre år i tett samarbeid med den lokale legen for å skaffe pengar til behandling for dei som trong sanatorieopphald. Ho må ha hatt nær kontakt med dei som var sjuke og som fekk hjelp. Sofia abonnerte i mange år på kvinnebladet URD, og hadde innbundne årgangar med bladet som dei sjuke fekk med som lesestoff under kuropphaldet. Ho skal ha spurt distriktslegen om det var fare for smitte om fleire sjuke las same bladet, og fått nei til svar. URD var eit populært kvinneblad. Det blanda dagsaktuelt politisk stoff med oppskrifter og motar. Her kunne samfunnsengasjerte kvinner fylgje med i kvinnekampen også utanom landets grenser. Striden for allmenn røysterett for kvinner stod på dagsorden i mange land, og her var Noreg tidleg ute.

KORLEIS VART RØYSTERETTEN BRUKT?

Noreg var mellom dei fyrste land som innførte allmenn stemmerett for kvinner. Finland var tidlegare ute (1906), medan Sveits og Lichtenstein ikkje innførte røysterett for kvinner før i 1971 og 1984.

Kvinner deltek i dag i samme grad som menn ved valurnene, i stortingsvalg, lokalvalg og folkeavstemningar, men Hanne Marthe Narud og Anne Krogstad skriv i artikkelen *100 år med kvinners stemmerett* at det tok nokre år før kvinnene for alvor byrja bruke stemmeretten. I dei to fyrste stortingsvala (1915 og 1918) brukte berre om lag halvparten stemmeretten, men deltakinga auka til 60 prosent då saka om brennevinsforbod kom på dagsorden. Den fyrste store saka i vårt land der kvinner over heile landet for alvor tok røysteretten i bruk, det var i forbods-saka, der fleirtalet av dei kvinner som røysta i 1919 stemte for fortsatt forbod. Spørsmålet var om det midlertidige brennevinsforbodet som gjaldt under første verdskrig, skulle halde fram. Blant menn var det 73 prosent som deltok i folkeavstemninga, og brorparten av dei ønskte ikkje eit forbod mot alkohol. 61 prosent av kvinnene deltok, og fleirtalet av dei ville ha forbod. Men mange år tidlegare, alt frå 1895, fekk kvinner allmenn røysterett i lokale avstemningar om brennevinssal i kommunen, og i 11 slike avstemningar det året var valdeltakinga mellom kvinner 73 prosent og for menn opp mot 60 prosent. Oldemor Sofia var nok ikkje med på den fløyen som røysta for alkoholforbod. Det blir fortalt at ho sette vin. Ein laurdagskveld, etter at det hadde vore fest på ungdomshuset, hadde ubedne gjester vore på besøk i kjellaren, funne vindunken og forsynt seg godt. Bestemor hadde sine mistankar om kven vintjuven var, og då ho råka den

mistenkte, gjekk ho rett på sak. «Om han hadde forsynt seg av vindunken?» Jo, han kunne ikkje nekte for det. Kor mykje han hadde teke. Eitt glas. Kva glas var det? Jo, lampekuppelen under kjellartaket'. Kva Sofia svara, seier ikkje historia noko om.

Mi oldemor var ikkje fråhaldskvinne, men det var andre av dei ti formødrene vi fortel om i *Formødrenes stemmer*.

Randi Gaasvatn frå Rindal på Nordmøre var ei av dei. Journalist og kommentator i *Nationen*, Kari Gåsvatn, fortel om ei samfunnsengasjert oldemor:

I 1913 var det en stor avholdsfest på Gåsvatn, med stort oppmøte av kvinner og menn fra hele bygda. På et fotografi fra festen er det nærmere 70 deltakere, og en liten overvekt av kvinner. Randi hadde sikkert ei fast hand om arrangementet. På fotografiet har hun hedersplassen midt på bildet. Randi var ei driftig og myndig gardbrukarkone. Ho var sterkt engasjert i fråhaldsrørsla og i dei andre rørsle som frå slutten av 1800-talet ofte blir kalla den norske motkulturen. Men dei var meir enn motkultur, skriv Kari Gåsvatn. *Det norske demokratiet ble bygd i de folkelige bevegelsene, med folkeopplysning, leseselskap, lekmannsbevegelse, avholdsbevegelse, kvinnebevegelse, ungdomslagsbevegelse og målsak.*



Randi Gaasvatn er ei av dei ti formødrene vi møter i 'Formødrenes stemmer'. Ho var driftig og myndig gardbrukarkone på Nordmøre.

KVA STEMTE DEI?

Vi veit lite om korleis dei ti vi skriv om, stemte. Vi er nokså sikre på at dei røysta, og at dei enten røysta Venstre eller Arbeiderpartiet, for det gjorde dei *'som kom frå almuen'*.

ein del kvinneaktivistar på rekordtid organiserte ein eigen underskriftskampanje. På tre veker vart det samla inn i underkant av 280 000 namn. Dette vart gjort utan noko etablert organisasjonsapparat. Dei nær 280 000 kvinnene som skreiv under, kravde slutt på unionen med Sverige. Dei tok stemmeretten på forskot. Hanne Marte Narud og



Avholdsfest på garden Gåsvatn på Nordemøre. Fråhaldssaka var den fyrste saka der kvinnene for alvor tok stemmeretten i bruk.

Dei stod ikkje på barrikadane, men dei deltok i kampen for stemmerett. Det fortel gamle dokument, namnelister som i dag ligg i Stortingets arkiv. I 1905 var det folkeavstemning om unionen med Sverige. Kvinnene hadde bedt Stortinget om å få lov til å delta i folkerøystinga, men fekk avslag. Det skapte sterke reaksjonar. Det førte til at

Anne Krogstad skriv i «100 år med kvinnestemmerett.» at hadde kvinner hatt røysterett i 1905, ville det tilsvart at 53 prosent av kvinner som kunne røyste, hadde stemt.

I Stortingets arkiv fann Ragnhild Moy, tidlegare Aftenposten-journalist, underskrifta til si mormor, Anne

Margrethe Grændsen, *Margrethe Olsen*, som hun het den gang. Jeg kjente igjen den sirlige håndskriften hennes. Likedan var navnene til hennes søstre, Tora, Ingeborg og Anna Olsen og moren Amalie Olsen på den samme listen. Damene var med andre ord engasjert i landets fremtid. Også Gro Hagemann fann namnet på si mormor i oppropet i 1905. Dette initiativet frå Landskvinnestemmerettsforeningen utløyste stor aktivitet. *Lister lå ute i mange av byens butikker, og de mest aktive blant kvinnene gikk dessuten fra hus til hus. Også i distriktene ble atskillige underskrifter samlet inn; fra alle bygdene omkring ble det sendt lange lister av gårde til redaksjonen i lokalavisen. De mer spredtbygde områdene i Finnskogen var intet unntak. Ikke overraskende fant jeg Karen Gaardsmoens navn på én av listene sammen med en rekke kvinnenavn fra Grue. Her hadde også moren, Laura Gaardsmoen, skrevet under, både mor og datter med et uttrykkelig «ja!» bak navnet.*

Gro Hagemann si bestemor Karen Moum kom som ung lærerinne til Kongsvinger, berre 20 år gamal. I 1901, det fyrste kommunevalet der kvinner kunne delta, var ho 22 år, og for ung til å kunne stemme. Gro Hagemann fortel at 65 prosent av dei kvinnene som då kunne røyste, brukte stemmeretten. Ved neste kommuneval samla dei stemmeberettigta kvinnene i Kongsvinger seg for å få ei eiga kvinneliste, men lukkast ikkje. I 1910 gjorde dei nytt forsøk med eiga kvinneliste, og lukkast. Fleire år etter 1913 vart Karen Moum innvald i bystyret i Kongsvinger. Karen Moum er ei av dei få av våre ti formødre som vi veit vart vald inn som representant i eit kommunestyre. Både ho og mannen var aktive i Arbeiderpartiet.

STEMTE KVINNER OG MENN LIKT?

Underskriftskampanjen i 1905 medverka til at kvinner fekk stemme ved val, men det skulle gå enno åtte år før kvinner fekk allmenn røysterett. Eit argument mot å gje kvinner røysterett var at dei ville stemme slik mennene deira gjorde. Men folkerøystingane om brennevinsfor-



Garden Gåsvatn på Nordemøre.

modet viser ein annan tendens, nemleg at kvinner og menn stemte forskjellig. Narud og Krogstad finn liknande tendensar ved seinare folkerøystingar. Ved folkerøystinga om EF-medlemskap i 1972 var det berre ubetydelege kjønnsforskjellar, men ved folkerøystinga i 1994 gjekk kvinner og menn i kvar sin retning. Kvinnefleirtalet mot EU var sterkare enn mannsfleirtalet for, og resultatet vart nei til EU-medlemskap. Kva kvinner stemmer, kan vippe eit valresultat. Går dei mot høgre eller venstre, spør Narud og Krogstad. For å få svar har dei analysert tilgjengeleg materiale frå stortingsvala, med vekt på perioden frå 1965 til 2009. Deira konklusjon er at kvinner brukar røysteretten til å ta nokre andre val enn menn. Dei finn fylgjande: *Mens kvinnene i en tidlig fase var mer tilbøyelige enn menn til å stemme på konservative, fortrinnsvis religiøse partier, har kvinnene de siste 50 årene vært mer venstreori-*

enterte. Denne venstredreiningen er ikke, som tidligere, knyttet til lav sosial status; snarere tvert imot. Kvinnenes verdiorientering går de siste tiårene i retning av fellesskap, økonomisk utjevning, solidaritet og miljøvern. Eldre kvinner er positivt innstilt til moralske og religiøse spørsmål, mens yngre kvinner er mer sekulære. Kvinners saksorientering går i retning av velferdsaker, som skole- og utdanning, helse og eldreomsorg, og i retning av likestilling.

RELIGIONSSTRID

I dag er religion igjen blitt eit konfliktspørsmål som vekker sterke kjensler og motsetnader. Skilde inngangar til møte for kvinner og menn. Bruk av hijab og niqab. Heilage bøker blir brukt til sterk fordøming av homofile. Det står ofte sterk strid om mange spørsmål som gjeld tru, haldningar, påklednad og framferd. Det er verdt å hugse at folk har før stått i nære relasjonar der det har rådd sterk usemje om spørsmål som gjeld heilt sentrale ting i livet. For få ting er vanskelegare enn akkurat det. Du har di eiga overtyding, du meiner at det du står for er rett. Og så meiner nær slekt noko heilt anna. Å finne ut av slike motsetnader, og leve godt med djup usemje, det er godt gjort.

I arbeidet med kapitlet om Sofia, mi oldemor, har det gått opp for meg at det gjekk ein ganske markert livssynskonflikt gjennom tunet på Ims, mellom kårhuset til oldemor og huset der dotter hennar, Sofie og svigerson Luther budde, i lag med dei ni barna sine. Vi kan i dag ha problem med å forstå kor sterkt motsetnadsforholdet den gong var mellom det frilyndte og det pietistiske, mellom bedehus og ungdomshus. Det var på mange vis ein religionskamp.

Både pietistane og dei frilyndte støtta Venstre i kampen mot embetsmannsstaten, var for nasjonalt sjølvstende og demokratiske reformer, slik sett stod dei på same side i kampen for parlamentarismen. Men samstundes kom organisasjonar som Noregs Ungdomslag og Norsk Luthersk Misjonssamband til å stå som motpolar i den kvasse kulturkampen som sterkt prega fyrste del av det tjuande århundret. Det var den tids religionskamp. I mangt like kvass som striden mellom arbeidarrørsla og borgarlege. Striden gjaldt kva det var å vere ein rett kristen. Vekkingrørsla hadde sterk definisjonsmakt, den gav normen for kva rett kristendom var. Kristen vart ein når ein bøygde kne på møte der lekmannspredikanten talte. Ein «omvende seg», «tok imot Jesus», «vart frelst» eller «kom med». Med dette valet fylgde ei lang liste over kva som ikkje lenger var lov. Det var ei handling som gav omverda signal om ei radikal endring av livsførsel, der svært mykje av det ein før hadde gjort og verksemder ein hadde deltatt i, dans, teater, kino, alkohol, m.m., no vart definert som synd.

Sofia var godt kjent med vekkingrørsla. Ho må ha sett den på nært hald dei ungdomsåra då ho budde i Stavanger. I åra kring 1900 gjekk det store vekkingar over Høgsfjord-bygdene. Sofia si dotter Sofie og svigersonen Luther hadde begge kome med i desse vekkingane. Då dei overtok garden i 1918, flytta denne konflikten inn på tunet. Lekmannsrørslas ideal og kristendomssyn prega heimen dei bygde. I desse åra vaks det fram eit ungdomslagsmiljø i Høle, og eldste dotter til oldemor, Selma, og hennar mann, Trygve Bergsåker, var aktive her. Oldemor kjente seg heime i den kristendoms- og kulturforståing som ungdomslaget stod for. Når ungdommane i bygdene der ho budde skulle skipe ungdomslag, ville ho hjelpe dei.

Ho ville gje dei tomt til å byggje ungdomshus og hadde sett seg ut ein stad på garden som høvde godt og gjekk til svigersonen. Ho bad om tomt. Og fekk nei.

For dotter og svigerson var ungdomshus symbolet på alt dei var mot. Dei ville ikkje medverke til at ungdomshus vart bygt. Men då garden vart selt, vart det teke av nokre mål som Sofia åtte. Her fekk ungdomslaget tomt og bygde. I mange år var det mange og ulike aktivitetar der, amatørteater, vevkurs, dans og foredragskveldar. Talarar som kom tok ofte inn hos Sofia. Tryggve Gran var der, kjent som «nordmannen hos Scott». Gran var med i Scotts 1910–13 «Terra Nova Expedition». Også andre organisasjonar i bygda spurde om deira foredragshaldarar kunne bu hos henne. Då Olga Bjoner kom til Høle for å skippe bondekvinnelag, budde ho hos Sofia. Men så gjekk åra, og etter kvart vart ungdomshuset brukt både til bøn og til dans. Når emissærane kom, som budde hos dotter og svigerson, så hadde dei og med tida møta sine på ungdomshuset.

LEVDE GODT MED USEMJA

Livssynskonflikten mellom dei to husa i tunet var markert, og den var der i alle år. Sofia kjente vekkingrørsla godt, både frå åra i Stavanger og frå livet i Høgsfjord-bygdene. Oldemor Sofia hadde si gudstru, men ho ville ikkje inn i dei rekkene. Det var ikkje slik ho ville leve. Det som kanskje undrar mest, det er at dei levde godt i lag med den livssynskonflikten som gjekk gjennom tunet. For det gjorde dei. Det var godt forhold mellom oldemor mi og dotter og svigerson. Metoden var ikkje at ein part måtte gje seg. Metoden var heller å stå på sitt og slåss for sitt, men på same tid respektere at dei var usamde.

SKILSMISSE

Kvinner hadde for hundre år sidan fått nye rettar som gjorde at dei lettare kunne ta sjølvstendige val og bestemme over eige liv. Av dei ti formødrene vi skriv om, tok to ut skilsmisse. Mi oldemor var ei av dei.

I slekta med barnebarn som lever etter henne, er det eitt spørsmål som omtrent er tabu, som skaper sterke reaksjonar, og det er temaet skilsmisse. Få ting blir, den dag i dag, oppfatta som verre enn om nokon i slekta kjem og seier dei skal skiljast. Mange av oss har undrast på at dette framleis er så brennheit tema og skaper så sterke reaksjonar. Men så har vi kome på at oldemor vår tok ut separasjon i slutten av 1920-åra. Det må ha vore stor skandale og skapt eit traume som enno heng i. Kvifor ville ho skilje seg då ho var over 50 og var i ferd med å bli ei eldre dame? Ho hadde hatt varme kjensler også for han som ikkje kom fyrst, men kanskje hadde samlivet med Torjus slite ned dei kjensler som var der. Kanskje hadde ho fått nok av damehistoriene, det vart for mykje på den negative kontoen, for lite på plussida. Ho hadde materiell fridom til å ta eit slikt val. Garden var i trygge hender. Ho hadde eige hus å bu i. Ho greidde seg sjølv, ho hadde inntekter frå sal av frukt og bær, og ho brydde seg ikkje med folkesnakket, med kva reaksjonar ho ville få. Så tok ho eit val som var høgst uvanleg for ei kvinne i hennar situasjon i 1920-åra.

‘Stri samfunnsbyggjar’ har eg som overskrift på artikkelen om oldemor Sofia. Men kan mi oldemor kallast ein samfunnsbyggjar? Heilt bestemte forestillingar kjem fram hos meg når eit slikt ord vert nemnt. Det er kvinner og menn som sette spor som er nedfelt i den type dokumentasjon som den tida etterlét seg. Ein notis i ei

avis, ein artikkel, omtale i organisasjonars blad, i bygdebøker. Eg fann berre ein offentleg omtale av oldemor. Då ho døydde, stod bilete og fine ord i Stavanger Aftenblad (04.05.1948). *«Ei kjend og vurd kvinne i Høle, fru Sofia Tengesdal, er død ... Sofia Tengesdal var ei gæverik kvinne som det var ein rikdom å vere saman med. Ho las mykje og fylgde vel med i alt som gjekk føre seg.»*

Men Sofia sat ikkje i kommunestyret, ho deltok ikkje i offentleg styre og stell, ho grunnla ikkje organisasjonar og verksemdar som lever etter henne. Foreininga ho dreiv for å skaffe pengar til dei som skulle på sanatorium, og som mine munnlege kjelder omtalar som sanitetsforeininga, har eg ikkje funne skriftleg omtalt. Ungdomshuset vart etter kvart mest ein stad for dei som skulle på dansefest på laurdagskvelden. Likevel, då eg skulle lage tittel som fortalte kva denne artikkelen handla om, vart det «stri samfunnsbyggjar».

Ho engasjerte seg i to rørsler som kvar på sitt vis synleggjer sambandet mellom folkeleg engasjement og demokrati, og deltok på grasrotnivå i to store prosjekt i si samtid; få bukt med tuberkulosen, slåss for dei frilyndte ideala. Sofia mislikte at lekmannsrørsla skulle bestemme kultursyn og forståing av kristendom. Ho tok stilling og markerte seg i sitt lokalsamfunn i den tids religionsstrid; kampen mellom det frilyndte og det pietistiske. Sofia hadde gjort kontroversielle val som hadde fått fylgjer både for henne sjølv og for andre, men ho lét seg ikkje utdefinere av den grunn. Ho tok plass. Tok val og stod ved sine val. Dei sa ho vart litt bitter med åra. Og ho kom med beiske råd: «Gift dykk aldri, jenter.» Det rådet fylgde ingen av våre formødre. Heldigvis.

GJENNOMBROTET I DET POLITISKE FELTET

Ingen av våre ti formødre fekk oppleve at kvinner for alvor inntok det politiske feltet. Det store gjennombrøtet for kvinners deltaking i det politiske liv i vårt land kom dei siste tiåra av 1900-talet. Kvinnenes representasjon på Stortinget skaut fart på 1970-talet, og har etter 1985 lege på mellom 35 og 40 prosent. Då Gro Harlem Brundtland i 1986 presenterte si andre regjering, vekte det stor internasjonal oppsikt at åtte av 18 statsrådar – 44 prosent – var kvinner. Slik ventar vi nå at det skal vere i vårt politiske liv. Synet på kva som er normalt og vanleg har endra seg stort sidan formødrene våre såg bilde i avisa av ei regjering. Få dokument, som desse oppstilte fotografia av nye regjeringar framfor Slottet, fortel så knapt og så klart kva kvinnestemmeretten har betydd for samfunnet vårt.

I dag er det vanskeleg å forstå motstanden mot at kvinner skulle få røysterett, men når striden vart så kvass, skuldast det ikkje minst synet på kvinna. Det vart argumentert med at kvinner var annleis disponert enn menn, at kvinns natur gjorde ho lite skikka til å delta i offentleg styre og stell. Og når vi no i 2013 feirar kvinnestemmeretten, vert gamle sitat trekt fram som fortel om dei store endringar som har skjedd i vårt samfunn når det gjeld kvinnesyn og oppfatningar av kva kvinner er og duger til.

Kvinden er, det tror jeg ikke vil møde indsigelse, baade efter sin natur og vel ogsaa efter sin oppdragelse ganske anderledes et følelsesmenneske enn manden; taler man til hendes følelse, sa løber hendes gode hjerte af med hende. Men er det paa noget punkt, hvor det gjælder at ikke lade følelsen løbe af med sig, saa er det i finanspolitiken; og jeg kan ikke se det anderledes, end at et kommunestyres væsentlige opgave er at stelle med kommunens

finanser. Jeg tror derfor, at det vilde være et noksaa farligt eksperiment saa tungt beskattet, som vore kommuner nu er, at indrømme kvinderne kommunal stemmerett

(Stortingsrepresentant Johan Henrik Kintzell Frøstrup).

Det tok tid, og det vart sagt utruleg mykje dumt i tidsperioden før vedtaket vart gjort i Stortinget 11. juni 1913. Stortingsrepresentant Johan Christian Heuch sa ‘ *Det vil føre til hennes fornedrelse, hjemmets forstyrrelse, familiens suksessive oppløsning og deretter uunnngåelig til moralsk forfall.* Stortingsrepresentant Ole Olsen Malm sa: *Å gi kvinnene stemmerett og valgbarhet og gjennomføre dette system i praksis... vil simpelthen være å begå nasjonalt selvmord.*’

Men argumenta for kvinneleg stemmerett vann fram, sentralt var likheitsprinsippet. At alle menneske skulle ha rett til å røyste, uavhengig av kjønn og inntekt.

MED HOVUDET HØGT

Det aller fyrste portrettet i *Formødrenes stemmer* heiter ‘ Eit rom på jorda’. Forfattar Liv Marie Austrem brukar skjønnlitteraturens grep i skildringa av si mormor, Ingeborg Oterteppen. Ho drog til Oslo for å sy. 16 år gamal går Ingeborg to mil frå bygda Uthuslia til Elverum, tek toget til Oslo og får seg arbeid på eit syetablisement i Vogts gate, i lag med systrene Oline og Johanne. Ho drøymmer om å dra til Amerika, men slik blir det ikkje. Med tungt hjarta vender Ingeborg heim att til mor si som treng henne fordi ho er blitt veikhelsa og ikkje lenger greier omsorga for to småbarn og alt som skal gjerast. Likevel er det eit ljost bilete Liv Marie Austrem teiknar av formora si. Mormora Ingeborg får ei jente, vesle Inger, utan å vere gift, men det knekker henne ikkje. Ho livnærer

seg med arbeid på setrar og rundt på gardar. Då Inger er sju, gifter Ingeborg seg med Helge frå Bjørklund i Sørskogbygda. Dei får sonen Harald.

Helge er skogsarbeidar, og dei greier seg etterkvart godt på småbruket sitt.

Ettersommaren 1915 er det val, og slik skildrar Liv Marie Austrem dagen då mormor hennar for fyrste gong tok stemmeretten i bruk: *No skal ho stemme, og ho er ikkje i tvil om kven ho skal stemme på. Er ein småfolk får ein stemme på dei som forstår seg korleis det er. Det er som høgtid slår mot henne når ho rettar ryggen og stig inn i det stille klasserommet. Ho set Harald ned på golvet og stryk av han huva. Ho går bort til stemmevakta.*

-Ingeborg Bjørklund, seier ho. Og mannen kryssar av for henne. Så står ho der med hovudet høgt og føtene breitt og godt planta i golvet med stemmesetelen i handa.

KJELDER:

Audgunn Oltedal og Arnhild Skre: *Formødrenes stemmer. Kvinneliv rundt stemmeretten.* Pax Forlag AIS, Oslo 2013

http://www.ssb.no/almagasinet/blandet/stemrett_valg.pdf



Foto: ArbArk